



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/25073-11

Dykkar referanse:

Vår dato:  
08.09.2020

### Uttale til avgrensa høyring av områdeplan for Ostereidet –PlanID 1263– 201802–forespørsel om trekking av motsegn

Vi viser til dykkar brev datert 03.07.2020 og uttalefrist 11.09.2020.

Motsegna frå Statens vegvesen til dette planframlegget gjeld fem punkt:

1. Utforming av kryss med E39
2. Rekkefølgekrav knytt til opparbeiding av nytt kryss med E39
3. Rekkefølgekrav knytt til opparbeiding av fortau langs Eidavegen (fylkesveg og kommunal veg)
4. Byggegrense langs fv. 393 Eidavegen
5. Byggegrense langs E39

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av vår vurdering av korleis desse motsegnspunkta står med grunnlag i revidert planframlegg.

#### 1. Utforming av kryss med E39

Statens vegvesen har etter nyttår hatt dialog med Alver kommune om punkt 1. Det har blitt drøfta og utarbeida teikningar for ei ny løysing som Statens vegvesen prinsipielt kan stille seg bak. Det er likevel detaljar i plankartet knytt til kryssområdet, som gjer at dette motsegnspunktet ikkje er avklara enno.

#### Parkeringsplass i kryssområdet:

I møte 27.05.2020 presenterte Alver kommune eit nytt framlegg til kryssløysing, der det også var teikna inn ein parkeringsplass i området nordaust for krysset. I møtet vart det særleg fokus på at den skisserte avkøyrsla til dette området ikkje oppfylte gjeldande tekniske krav. Det vart ikkje teke stilling til parkeringsføremålet i seg sjølv.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



Parkeringsplass skissert i teikning til møte 27.05.2020.

I planframlegget som no er på høyring, er parkeringsplassen utvida og avkøyrsla flytta. Statens vegvesen kan ikkje akseptere ein parkeringsplass som føreslått i det reviderte planframlegget. Ein parkeringsplass som ligg så tett på kryssområdet ved E39 kjem i konflikt med omsynet til europavegen. Vi er også kritiske til at frisiktlinja frå avkøyrsla går inn i kulverten under E39. Statens vegvesen vurderer at dette ikkje er ei eigna plassering av ein parkeringsplass, og ber om at den vert teken ut av plankartet. Vi ber om at arealet vert regulert til annan veggrunn.



Parkeringsplass i vegteikning og plankart på høyring.

#### Mellombels anleggsbelte:

Omlegging av kryssområdet ved E39 vil også krevje omlegging av vegane innanfor krysset. Planframlegget sikrar ikkje mellombels anleggsbelte knytt til gjennomføringa av denne kryss- og vegomlegginga. Område for mellombels rigg og anlegg er omtala i føresegn 2.4 a). Denne føresegna opnar for at alt bygge- og samferdsleformål i planområdet kan nyttast til rigg- og anleggsareal. Denne føresegna gjev ikkje heimel til at andre enn eigar av arealet kan nytte område.

For at utbetringa av kryssområdet ved E39 skal vere mogeleg å gjennomføre, må det i plankartet regulerast mellombels anleggs- og riggområde i naudsynt omfang langs dei vegane/kryssa som skal leggjast om. Vi viser til [Nasjonal produkspesifikasjon for arealplan](#)

[og digitalt planregister](#) for detaljar knytt til framstilling av mellombels anleggsområde i planen.

Vidare er det naudsynt å regulere eit belte annan veggrunn mellom o\_SKV2 og nordleg del av område BS3, tilsvarende som det er gjort mellom Eidavegen og den sørlege delen av BS3.

Før Statens vegvesen kan trekkje motsegnspunktet knytt til regulering av nytt kryss med E39, er det behov for å ta parkeringsplassen o\_SPA3 ut av plankartet, å regulere mellombels anleggs- og riggområde i naudsynt omfang og å regulere annan veggrunn mellom o\_SKV2 og BS3.

## **2. Rekkefølgekrav knytt til opparbeiding av nytt kryss med E39**

Statens vegvesen har motsegn knytt til at nytt kryss med E39 må vere ferdig opparbeida før utbygging som gjev trafikkvekst. I vårt brev datert 29.07.2019 vart det kravd at rekkefølgekravet må gjelde alle utbyggingsområde som gjev trafikkvekst, mellom anna områda BU, B7 og B8.

I dialogmøte hos Fylkesmannen i Vestland 20.08.2019 var det semje om at idrettshallen kan byggast utan rekkefølgekrav.

Planen som no er på høyring inneheld rekkefølgekrav knytt til nytt kryss med E39 (o\_SKV2) for områda B7, B8, B9, BS1, BS2, BS3 og o\_SKH1. Vi stiller spørsmål ved om det ikkje også i områda B1–6 er opna for utbygging som inneber auka trafikk i krysset med E39. Vi har behov for å få avklara dette før vi kan ta stilling til om dette motsegnspunktet kan trekkast.

Opparbeiding av nytt kryss med E39 vil også krevje omlegging av andre vegar enn o\_SKV2. Vi rår til at det kjem eintydig fram av planen kva areal det gjeld, slik at omfanget av rekkefølgekravet vert klart.

Vidare rår vi til at rekkefølgekravet om kryssområdet med E39 vert knytt til igangsetjingsløyve. Dette for å sikre at det ikkje oppstår ein situasjon der bustader står innflyttingsklare samstundes som det er knytt usikkerheit til gjennomføring av tiltaket, til dømes i høve til finansiering.

Statens vegvesen stiller spørsmål ved at utbyggingsavtaler er omtala under både punkt 2.7 om utbyggingsavtaler og under punkt 7 om rekkefølgekrav. Så lenge områdeplanen er tydeleg på at rekkefølgekrava er knytt til gjennomført/opparbeidde tiltak før det kan gjevast bruksløyve (jamfør punkt 7.2), rår vi til at omtalen av utbyggingsavtaler vert avgrensa til punkt 2.7.

### **3. Rekkefølgekrav knytt til opparbeiding av fortau langs Eidavegen (fylkesveg og kommunal veg)**

Statens vegvesen har motsegn knytt til krav om at fortau langs Eidavegen må vere ferdig utbygd før det kan gjevast igangsetjingsløyve til nye utbyggingstiltak. Eidavegen omfattar både fylkesveg og kommunal veg, og inngår i plankartet som heile eller deler av områda o\_SKV2, o\_SKV6, o\_SKV9, o\_SKV10.

Vi kan ikkje sjå at nytt planframlegg inneheld rekkefølgekrav om fortau langs heile Eidavegen før ny utbygging. Rekkefølgekrav knytt til dette fortauet må flyttast til punkt 7.1. Det er også behov for å endre ordlyden i punktet frå «Følgjande tiltak/utgreiing må settast i verk/gjennomførast før igangsetjingsløyve kan gjevast:» til «Følgjande tiltak/utgreiing må vere gjennomført før igangsetjingsløyve kan gjevast:». At arbeid med nytt fortau et sett i verk, er ikkje tilstrekkeleg for å kunne gje igangsetjingsløyve til nye utbyggingstiltak. Fortauet må vere ferdigstilt. Statens vegvesen har ikkje grunnlag for å trekke dette motsegnspunktet basert på dei reviderte føresegnene.

For å sikre at rekkefølgekrava knytt til Eidavegen skal vere gjennomførbare for andre enn grunneigar, må det regulerast mellombels anleggsbelte langs heile Eidavegen, jamfør tekst om dette under punkt 1 ovanfor.

### **4. og 5. Byggegrense langs offentleg veg: fv. 393 Eidavegen og E39**

Staten vegvesen hadde ved offentleg ettersyn av planframlegget motsegn til at byggegrensa langs E39 og fylkesveg 393 i hovudsak var sett i formålsgrensa til utbyggingsområda.

Byggegrense langs offentleg veg framkjem i liten grad av det reviderte planframlegget. I føresegn 2.3 a) heiter det at «*Nye tiltak skal plasserast innanfor byggegrensene vist i plankartet*». Der byggegrenser ikkje er vist i plankartet, og føresegnene ikkje seier noko om kvar byggegrensa langs offentleg veg går, er det den generelle byggegrensa i veglova som gjeld.

Langs den delen av Eidavegen som er fylkesveg er byggegrensa som følgjer av det reviderte framlegget vist i plankartet i område B2. Langs vegen elles er byggegrensa 50 meter.

Langs E39 er det i plankartet vist 30 meter byggegrense i område o\_BAA. Langs vegen elles er byggegrensa 50 meter.

Dei byggegrensene langs fylkesvegen og E39 som juridisk følgjer av det reviderte planframlegget er meir omfattande enn dei krava vegvesenet har sett. Vi legg til grunn at dette ikkje har vore intensjonen til kommunen.


Statens vegvesen rår til at planen vert omarbeida slik at det gjennomgåande vert vist 30 meter byggegrense langs E39. Når det gjeld byggegrense langs fylkesvegen, rår vi til at det vert arbeida vidare med å kome motsegna i møte på dette punktet.

#### **Andre merknader**

I referat frå dialogmøte står det at det var semje om at det skal takast inn ei føresegn om trafikkisikkerheit i anleggsperioden. Vi kan ikkje sjå at det er gjort.

Statens vegvesen legg til grunn at forslagsstillar/plankonsulent har kvalitetssikra at det i tilknytning til E39 ikkje vert planlagt løysingar som krev fråvik frå vegnormalane. Dersom det vert planlagt for fråvik på fylkesveg eller kommunal veg, legg vi til grunn at dei er/vert avklara med rette styresmakt.

Der det er planlagt ny, offentleg veg, bør det gå fram av planomtalen kven som er tenkt å vere vegstyresmakt. Statens vegvesen ser ikkje grunnlag for at europaveg-nettet skal forlengast lenger inn i området enn det er i dag.



Kryssområde med E39. Oransje line er europaveg.

Vi rår til at det vert gjort ei kvalitetssikring av at det er samsvar mellom plankart og føresegner, og av samanhengen i føresegnene som heilskap. Vi ser mellom anna at føresegn 4.1.4 viser til eit punkt 3.11, som vi ikkje finn att i dokumentet.

Statens vegvesen legg til grunn at nemninga «bruksløyve» i føresegn 7.2 omfattar både mellombels bruksløyve og ferdigattest. Føresegnene bør presiserast på dette punktet.

### Konklusjon

Statens vegvesen kan ikkje trekke motsegna til områdereguleringsplan for Ostereidet med grunnlag i det reviderte planframlegget. Motsegna står ved lag. Vi rår til at det vert arbeida vidare med planen med grunnlag i dei vurderingane vi har gjort ovanfor.

Transport vest, Transportforvaltning 3  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN